

## **Tabell E-fk**

### **Kriteriedata. Fylkeskommunane**

I tabell E-fk blir kriteriedata som ligg til grunn for berekninga av indeksverdiane som er presentert i tabell D-fk presenterte.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartal per 1. januar 2013**

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Befolkningsstatistikk 2013.

### **Kolonne 2 – Innbyggjartal per 1. juli 2013**

Tal frå SSB. Befolkningsstatistikk 2013.

### **Kolonnane 3-8 – Innbyggjartal per 1. juli 2013, fordelt etter alder**

Tal frå SSB. Befolkningsstatistikk 2013.

### **Kolonne 9 – Normert rutenett til sjøs i 1990**

Tal frå Samferdselsdepartementet.

### **Kolonne 10 – Innbyggjarar busette spreidd per 1. januar 2012**

Regionalstatistikk frå SSB. Innbyggjarar busette spreidd per 1. januar 2012

### **Kolonne 11 – Areal i km<sup>2</sup>**

Inklusive ferskvatn og øyar i saltvatn. Tal per 1. januar 2011, frå SSB

### **Kolonne 12 – Storbyfaktor**

Inngår i kostnadsnøkkelen for samferdselsføremål. Tal frå 1994.

### **Kolonne 13 – Innbyggjarar busette på øyar utan fast vegforbindelse**

Statistikk frå SSB, utarbeida for Kommunal- og regionaldepartementet. Tal per 1. januar 2007.

### **Kolonne 14 – Fylkesvegfaktor for vedlikehald**

Basert på modell der prinsippet om lik transportstandard er lagt til grunn. Tal frå Samferdselsdepartementet. Fylkesvegfaktoren er multiplisert med fylkesveglengda (kolonne 16) før han blir brukt som kriterium.

### **Kolonne 15 – Fylkesvegfaktor for reinvestering**

Basert på rekneskapstal. Tal frå Samferdselsdepartementet. Fylkesvegfaktoren blir multiplisert med fylkesveglengda (kolonne 15) før han blir brukt som kriterium.

### **Kolonne 16 – Faktisk fylkesveglengde i km**

Tal frå Samferdselsdepartementet, per 1. januar 2013. Tala omfattar fylkesvegnettet slik det var før forvaltningsreforma. Fylkesveglengdene omfattar normert fylkesveglengde i Oslo.

### **Kolonne 17 – Primærskjalar 16 år eller yngre til grunnkurs yrkesfagleg utdanningsprogram, vidaregåande opplæring**

Primærskjalar 16 år eller yngre til eit av dei ni yrkesfaglege utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring, per 1. mars. Gjennomsnitt for skoleåra 2011/2012, 2012/2013 og 2013/2014. Tal frå Kunnskapsdepartementet.

**Kolonne 18 – Elevar i statlege/private vidaregåande skular, vanleg undervisning**

Tal på elevar i statlege/private skular – vidaregåande opplæring, som får vanleg undervisning. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2012 og 1. april 2013.

**Kolonne 19 – Elevar i statlege/private vidaregåande gartnar- og landbruksskular**

Tal på elevar i statlege/private gartnar- og landbruksskular – vidaregåande opplæring. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2012 og 1. april 2013.

**Kolonne 20 – Elevar i statlege/private vidaregåande spesialskular**

Tal på elevar i statlege/private spesialskular. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped, og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2012 og 1. april 2013.

**Kolonne 21 – Elevar i statlege/private vidaregåande spesialskular, med opphald**

Tal på elevar i statlege/private spesialskular som òg bur ved skulen. Med spesialskular meiner ein her vidaregåande skular innanfor systemet til Statped, og/eller frittstående helsepedagogiske vidaregåande skular. Gjennomsnittleg elevtal per 1. oktober 2012 og 1. april 2013.